



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 02/2024

Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Sak 02-24 Utfyllande merknader til klagesak S650, Grønsenn

Fjellstyret har motteke ei henvending frå landbruksdirektoratet ang tidlegare oversendt klagesak 23/2023. Denne gjeld Margit Bratvold, S650 på Grønsenn

Det føreligg 2 brev frå advokat Sundet. Dei ligg vedlagt saka.

Landbruksdirektoratet har bede om uttale frå fjellstyret ang punkt 3 og 4 i fyrste brevet, og evt om ein har merknader til andre brev kan dei leggast til uttala.

### Brev 1 frå advokat Sundet, datert 24.11.2023:

Oppsummert ang pkt 3: Utformingen av tilbygget til kafebygget

*I sin uttalelse til klagen har fjellstyret ikke tatt stilling til denne endringen i Margit Bratvolds søknad om utvidelse av kafebygget. Fjellstyret har isteden skrevet følgende nederst på side 4 i Møtebok fra møtet den 29.9.2023:*

*Uansett dreier denne klagesaka seg om eit avslag på det omsøkte T-bygget. Dette bygget er avslege grunna hovudsakleg at det strid med lokal byggeskikk, jfr uttale frå Innlandet fylkeskommune. Det er ikkje komme nye opplysningar i saka som endrer dette.*

*Poenget er at Margit Bratvold i forbindelse med klagen har endret utformingen på tilbygget slik at dette ikke lenger er noe T-bygg og derfor heller ikke i strid med lokal byggeskikk. Dette er da et nyt forhold som fjellstyret skulle ha tatt stilling til i klagen.*

### Oppsummert ang pkt 4: Aggregat huset

*Margit Bratvold har i klagen under punkt 5 bedt om å få beholde og få ferdigstilt aggregathuset der det står slik at hun slipper å dra aggregatet inn og ut hver gang hun skal bruke det. Dette er tungt og veier 60-70 kg. Aggregathuset er plassert mellom kafebygg og stolshuset og kan så vidt skimtes bak kafe bygget på vedlegg 2 nedenfor. Bratvold har selv snakket med flere naboer og ingen har hatt noen merknader til at dette bygget blir stående.*

*I sin uttalelse til klagen har fjellstyret ikke tatt stilling til denne delen av klagen*

### Vurdering brev 1 – punkt 3:

Fjellstypesak 23/2023 er klagebehandling av eit tidlegare vedtak. I den samanheng er det uryddig å fatte nye vedtak i same sak, samtidig som ein tek stilling til klaga. Administrasjonen la opp til å behandle klagen, dvs ta den til følgje (heilt eller delvis), eller å oversende saka til klageinstans.

Vedtaket vart å oversende klagesaka til klageinstans. Ein har då valt å ta ei sak om gangen. Det kan bli uryddig saksgang, om ein samtidig med å ikkje ta klage til følgje (T-bygg) fatter nytt vedtak i same sak om eit nytt tilbygg – som då på sjølvstendig grunnlag kan påklagast i ettertid. Ein kan då ende opp med 2 klagesaker om egentlig same sak – dersom begge vert avslege.

Fjellstyret har då valt å kjøre ein sak om gangen, fullføre den før ein evt startar på ny vurdering av andre former for tilbygg. Det kunne stilt seg annleis om dette ikkje hadde vore ein klagesak. Då hadde ein fått ei ny vurdering/ny sak ang tilbygg når saka om T-bygget hadde fått ei endeleg avgjerd. Tiltakshavar har her sjølv valt å kjøre ei klagesak samtidig som man i same klagesak fremjer ei ny byggeskikk som krev ei ny avgjerd/nytt vedtak.

Det presiseres at det er ikkje take stilling til siste søknad om tilbygg i staden for T-bygg. Den kjem etter at klagesaka er avgjort – om søker då fortsatt opprettheld søknad om tilbygget. Den vil då gå på høyring på vanleg måte til Innlandet fylkeskommune/Statskog slik regelverket krev før det vert fatta vedtak.

### Vurdering brev 1 – punkt 4:

Fjellstyret viser til vurdering i fjellstyret sin klagebehandling side 4 (sak 23/2023):

*Fjellstyret gjentek at det bygget som klager på eige initiativ no har flytta bort kunne vært nytta med ein anna plassering og utan grunnmur. Bygget var jo i utgangspunktet godkjent. No i ettertid er det komme krav om at eit slik bygg ikkje skal ha pipe osv, men dette er ein enkel tilpasning.*

*I dette bygget var det jo både utedo og plass for sal av husflidsprodukter. Evt kunne dette vore tilpassa med eit enkelt skråtak, slik at aggregatet kunne vore plassert der og. Då hadde ein samla alle funksjonar i eitt midlertidig bygg.*

*Dersom det ikkje er aktuelt å vurdera tilbakeføring av dette bygget (med ny godkjent plassering), er fjellstyret positiv til å sjå på andre forslag til midlertidig bygg. Dette må uansett sjåast på ved ein ny søknad, og ikkje i denne klagesaka. Dette sidan evt godkjenning av bygg krev nye vedtak, samt komplette byggeteikningar.*

Poenget til administrasjonen er understreka i ovanståande avsnitt. Det vil vere unaturleg å godkjenne dette ulovleg oppførte aggregathuset enn så lenge det ikkje er avklara dei andre funksjonar – som fjellstyret primært ynskjer skal plasserast i eit midlertidig bygg. Då vil det vere naturleg å vurdere om også aggregat funksjon kan plasserast saman.

Den vurderinga kjem saman med behandling av nye byggeteikningar i ei anna sak enn ei klagebehandling. Dersom det viser seg at det faktisk trengst eit eige aggregathus når ein handsamer nye byggeteikningar, vil ein kunne fatte det vedtaket då.

Enn så lenge står det jo eit aggregathus der, som kan nyttas inntil videre. I hvertfall til det føreligg avklaring på klagesak. Dersom det trengs lang avklaring på nye byggeteikningar – får ein ta stilling til aggregathuset sjølvstendig på eit seinare tidspunkt. Dette er og ny søknad som krev ny høringsrunde/nytt vedtak.

#### Oppsummert brev 1:

Advokat Sundet ber om at fjellstyret tar stilling til punkt 3 og 4. Det skal fjellstyret gjere, men det er naturleg å ta dette i ein eige søknadsrunde etter at klagesaka er avgjort. Dette då nye teikningar krev ny høringsrunde og nytt vedtak.

Det vil vere unaturleg å køyre dette som ein eige sak samtidig som ein har ei klagesak inne til behandling på tilsvarande søknad.

#### Brev 2 frå advokat Sundet, datert 03.01.2024:

##### Utdrag frå brev 2:

###### *Spørsmål om byggeskikk*

*En av fjellstyrets hovedinnvendinger mot Margit Bratvolds omsøkte byggeprosjekt har vært knyttet til byggeskikk og hva som kan aksepteres i forhold til øvrig bebyggelse på den aktuelle stølen. Margit Bratvold har registrert at en av nabostølene rett ved hennes egen stol har satt opp en utvendig trapp til andre etasje på gavlveggen, samt montert en større hvor parabolantenne på fasaden. (vedlegg: foto av nabohus)*

**Margit Bratvold antar at Fjellstyret er kjent med det aktuelle bygget da det tilhører familien til en nær bekjent av daglig leder i Fjellstyret, Kenneth Monsen.** For Margit Bratvold er det vanskelig å forstå at Fjellstyret har problemer med å akseptere de løsninger som er foreslått av henne, når Fjellstyret samtidig aksepterer at det monteres slike innretninger på et gammelt stolshus.

##### Vurdering brev 2:

Ang nabobygget det henvises til er dette en hytte: festenr 94/1/3.

Som kjent er fjellstyret si oppgåve å vurdere byggesaker på stølar, ikkje hytter. Fjellstyret får sjeldan eller aldri byggesaker på hytter til uttale – anna enn om det er ein dispensasjon eller liknande.

Trappekonstruksjonen som det vises til, er ikkje fjellstyret kjent med. Det er etterspurt info fra kommunen, og det føreligg ikkje søknad på dette etter dialog med kommunen 04.01.2024. Det er gått gjennom bilder fra eigedomstaksering som er take 31.10.2014. Då er den omtala trappa ført opp. For ordens skuld – Monsen vart fast tilsett i fjellstyret i 2017.

Med tanke på den tidlige dialogen med Margit Bratvold og hennes talspersonar som opptrer på hennar vegne – hadde ein ikkje venta at det pånytt skulle reisast udokumenterte og uheldig antydingar mot tilsette i fjellstyret. Fjellstyret har fått ein uforbeholden unnskyldning frå Margit Bratvold v/ advokat Sundet for tidlegare, feilaktige beskyldinger datert 15.02 og 24.02.2023 (vedlegg). Margit Bratvold har og sendt tilsvarande unnskyldning og beklaga overfor heile kommunestyret i Vestre Slidre.

Med tanke på den historikken som føreligg her i forkant, er det sterkt beklagelig at det fortsatt vert ført fram udokumenterbare uheldig antydingar mot ansatte i Vestre Slidre fjellstyre. Ang 94/1/3 er dette som sagt ei hytte der fjellstyret ikkje har formal kompetanse til å foreta eigne vedtak om utforming. Dette ligg til kommunen.

Denne hytta er eigd av Hesselberg/Markussen. Desse personane har aldri fjellopsyn Monsen møtt. Ved undersøkingar, viser det seg at den eine av eigarane er niese til ein samarbeidspartner gjennom dei tiltak fjellstyret har i lag med lokal jeger- og fiskarforening, der han er tillitsvalgt. Det å antyde i eit offentleg brev nært bekjentskap på den måten det er gjort her er å tvil om redeligheita til ansatte, og er særskilt uheldig.

Ein ber difor Landbruksdirektoratet sjå bort i frå desse udokumenterte antydningane, eller evt foreta eigne undersøkjingar rundt dette tema. Det siste er å foretrekke, for å finne ut bakgrunnen for desse siste utsegna frå advokat Sundet/Margit Bratvold i brev datert 03.01.2023.

### **Forslag til vedtak :**

#### Uttale ang brev 1, datert 24.11.2023:

Ang pkt 3 og 4 : Vestre Slidre fjellstyre har vurdert dei ulike punkta i si klagebehandling i sak 23/2023, men vil fullføre klagebehandlinga før ein behandler nye søknader/teikningar. Dette då nye teikningar krev ny høyningsrunde og nytt, eige vedtak. Ang aggregathus bør dette sjåast saman med nye byggeteikningar for å sjå om dette kan nyttast saman.

#### Uttale ang brev 2, datert 03.01.2024:

Ang hytte med trapp det vert vist til (94/1/3), er dette ikkje samanliknbart med ein bygesak på støl då bygging på fritidsbustad vert styrt etter plan – og bygningslova. Fjellstyret fatter vedtak etter fjellova, og dette har difor ingen relevans.

### **Behandling:**

#### Forslag:

Fjellstyret ber landbruksdirektoratet undersøke bakgrunnen for desse udokumenterte utsegna om fjellstyrets tilsette.

#### Presisering ang uttale ang brev 2, datert 03.01.2024:

Ang hytte med trapp det vert vist til (94/1/3), er dette ikkje samanliknbart med ein bygesak på støl då fjellstyret si oppgåve er å vurdere byggesaker på stølar, ikkje hytter. Bygging på fritidsbustad vert styrt etter plan – og bygningslova. Fjellstyret fatter vedtak etter fjellova, og dette har difor ingen relevans.

### **Vedtak :**

#### Uttale ang brev 1, datert 24.11.2023:

Ang pkt 3 og 4 : Vestre Slidre fjellstyre har vurdert dei ulike punkta i si klagebehandling i sak 23/2023, men vil fullføre klagebehandlinga før ein behandler nye søknader/teikningar. Dette då nye teikningar krev ny høyningsrunde og nytt, eige vedtak. Ang aggregathus bør dette sjåast saman med nye byggeteikningar for å sjå om dette kan nyttast saman.

#### Uttale ang brev 2, datert 03.01.2024:

Ang hytte med trapp det vert vist til (94/1/3), er dette ikkje samanliknbart med ein bygesak på støl då fjellstyret si oppgåve er å vurdere byggesaker på stølar, ikkje hytter. Bygging på fritidsbustad vert styrt etter plan – og bygningslova. Fjellstyret fatter vedtak etter fjellova, og dette har difor ingen relevans.

Fjellstyret ber landbruksdirektoratet undersøke bakgrunnen for desse udokumenterte utsegna om fjellstyrets tilsette.

### **Samrøystes vedteke**

*Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.*

Vestre Slidre fjellstyre den 15.02.2024

Kenneth Monsen  
sekretær